

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021

Bjarte Vatnøy (FRP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Marin eiedomsutvikling. Vatnøy gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Vatnøy var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e.

Vatnøy gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar tilstades.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Sellevåg treskofabrikk får tildelt kr 25000.- Rest til seinare løyving pkt 7 vert redusert tilsvarande.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegner av MDG, A, Sp, SV, V og R fram slikt forslag:

(a) «Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1420 post 72, tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, fordelt som i tabell i saksframlegget, men med følgande tillegg: Nes Gardssag får tildelt kr. 60.000 i 2021.»

(b) «Alternativ punkt 7

Resterande tilskotsmidlar 111 716 kr. vert fordelte i eit seinare møte.»

Avrøysting

Strømmen sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 1.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 2-6 vart samrøystes vedteke.

Strømmen sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 7.

Andersen sitt forslag fekk 3 røyster (FNB, U, R) og fall.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtek å løyve tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1420 post 72, tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, fordelt som i tabell i saksframlegget, men med følgande tillegg: Nes Gardssag får tildelt kr. 60.000 i 2021:

	Søkjjar	Kulturminne og prosjekt	Tildeling 2021	Tilsegn 2022
1	Indre Ofredal Vener	Ne'fø sjøen Indre Ofredal	400 000	
2	Hafslovatnet grunneigarlag	Gangbruene på Soget		110 000
3	Hordaland veteranbussforening	Veteranbussene i Hordaland		200 000
4	Kåre Nes	Nes gardssag		90 000
5	Kvinnherad kommune	Bjørkedalsdammen	55 000	500 000
6	SNU på vegne av SNU og Ullensvang kommune	Odda smelteverk - forvaltning, drift og vedlikehald Importkaien, Cyanamidfabrikken, Omn 3, Skalltaket	1 902 289	

7	Ullensvang kommune	Odda smelteverk Importkaien		300 000
8	KML eiendom - SNU AS	Odda smelteverk Omn 3	820 000	450 000
9	KML eiendom 2 - SNU AS	Odda smelteverk Cyanamidfabrikken	65 000	
1 0	Kraftmuseet	Odda smelteverk Lindehuset	800 977	
1 1	KML eiendom - SNU	Odda smelteverk skalltaket	720 000	
1 2	Marin eiendomsutvikling	Laksevåg verft Maskinverkstaden		100 000
1 3	Tekstilindustrimuseet - Museumssenteret i Hordaland	Salhus Tricotagefabrikk	358 500	
1 4	Tekstilindustrimuseet - Museumssenteret i Hordaland	Salhus Tricotagefabrikk - forvaltning, drift og vedlikehald	3 067 468	
1 5	Kraftmuseet	Tyssedal kraftstasjon - forvaltning, drift og vedlikehald	1 077 050	
1 6	Stiftelsen Gamle Innvik ullvarefabrikk	Gamle Innvik ullvarefabrikk	50 000	250 000
1 7	Magne Sellevåg	Sellevåg treskofabrikk	12 000	
Sum			9 328 284	2 000 000

2. Vestland fylkeskommune fastset følgjande bruk for disponible midlar til forvaltning, drift og vedlikehald til anlegga i bevaringsprogrammet:

	Tildelt til	Objekt/ Tiltak	Sum	Tiltak
1	KML eiendom - SNU AS - Ullensvang kommune	Odda smelteverk - forvaltning, drift og vedlikehald	257 833	Forvaltning, drift og vedlikehald - Importkaien
2	Tricotagemuseet - Museumssenteret i Hordaland	Salhus Tricotagefabrikk	364 536	Forvaltning, drift og vedlikehald - løn
3	Kraftmuseet	Tyssedal kraftstasjon	172 930	Fjernvarme
Sum			795 319	

3. Vestland fylkeskommune avslår søknad om tildeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 72, tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, til følgjande prosjekt:

	Søklar	Objekt
1	KML eiendom - SNU - Ullensvang kommune	Odda smelteverk taubanen
2	Inger Mette Elisabeth Sefland	Mogeleg produksjonsområde Stad
3	Astrid Faugstad	Væstlandske Træskofabrikk
4	Halsnøy historiske senter	Bygging av kravellbygd skøyte 30-50 fot

4. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

5. Fylkesdirektøren får fullmakt til å følgje opp bruken av restmidlar og førehandstilsegn som Riksantikvaren tildelte i 2019 og 2020 til bestemte prosjekt, og å sette vilkår for bruk av dei.

6. Dersom nokon av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, har fylkesdirektøren høve til å omfordele midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot, jf. pkt. 1 ovafor.

7. Resterande tilskotsmidlar **111 716 kr.** vert fordelte i eit seinare møte.

